



Bygland kommune

HANDLINGSPLAN FOR EIT GODT OG TRYGT SKULE – OG BARNEHAGEMILJØ



BYGLAND KOMMUNE

FORORD

Alle barn har rett til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. For skule er det lovfesta særskilde krav til handtering av mobbing og andre krenkelsar i **Opplæringslova kapittel 9 A**. Tilsvarande krav er ikkje fastsett i barnehagelova, men barnehagane har ei omsorgsplikkt etter **Barnehagelova § 1**. Vi kan, ut frå omsorgsplikta, gå ut frå at barnehagane har ein lovpålagt plikt til å handtere mobbing og andre krenkelsar. Utdanningsdirektoratet anbefaler at barnehagane legg til grunn same handlingsløyfa som skulen i sitt arbeid mot mobbing og krenkelsar.

KAPITTEL 1: LOVGRUNNLAG

1.1 FNs barnekonvensjon

FNS barnekonvensjon gir alle barn rett til utdanning (artikkel 28). Formålet med utdanninga er å utvikle barnets personlegdom, talent og psykiske og fysiske evne så langt det er mogleg. Utdanninga skal førebu barnet til eit ansvarleg liv i eit fritt samfunn i ei ånd av forståing, fred, toleranse, likestilling og vennskap mellom folkeslag, etniske, nasjonale og religiøse grupper (artikkel 29). Barn har rett til vern mot diskriminering av alle slag (artikkel 2), og barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn (artikkel 3). Alle barn har rett til fritt å gi uttrykk for eigne synspunkt i alle tilhøve som vedkjem dei sjølv og dei skal derfor få høve til å bli høyrd (artikkel 12).

1.2. Opplæringslova (Oppl. §1-1)

Opplæringslova følger opp FNs barnekonvensjon. Formålsparagrafen slår fast at elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å mestre liva sine og kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Opplæringa skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i fråsegna om menneskerettane. Ein skal motarbeide alle former for diskriminering.

1.3 Trygt og godt skulemiljø (Oppl. §9A-2)

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Det er utgangspunktet for Bygland kommune sin handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø. Skulane i Bygland kommune skal vere trygge stader for alle elevane. Det er eleven si eiga oppleving av skulemiljøet som er avgjerande, og det er de vaksne sitt ansvar å sørge for den tryggleiken elevane har rett til.

1.4 Systematisk arbeid (Oppl. §9A-3)

Alle skular skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremme helse, miljø og tryggleik for elevane. Denne handlingsplanen skal synleggjere korleis oppvekstsentera i Bygland kommune gjer dette.

1.5 Nulltoleranse mot krenking (Oppl. §9A-3)

Skulane skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Korkje direkte handlingar, som til dømes hat-ytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utestenging, isolering og baksnakking, skal tolererast. Kva som er ei krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller usemje er krenkingar. Skulen si oppgåve er og å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overtydingar.

Kort sagt er krenking ord eller handlingar som gjer at eit barn blir lei seg eller ikkje har det bra. Krenkingar kan skje på mange ulike stader, til dømes på skulen, SFO, skulevegen og sosiale media. Lovverket omhandlar i utgangspunktet ikkje elevane si fritid. Men om elevane opplever noko på fritida som fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, må skulen likevel handle i tråd med aktivitetsplikta (sjå punkt 1.6) fram til eleven igjen har det trygt og godt på skulen.

1.6 Aktivitetsplikt (Oppl. §9A-4)

For å sikre at skulen handlar raskt og rett når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, har skulen ei aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta er delt i fem handlingsplikter: Alle som arbeider på skulen har plikt til å *følgje med, gripe inn og varsle* dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har plikt til å *undersøke og sette inn eigna tiltak* som sørger for at eleven igjen får eit trygt og godt skulemiljø. Skulen må ta omsyn til barnet sitt beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta. Alle involverte elever skal bli høyrte.

1.7 Dokumentasjonskrav (Oppl. §9A-4)

Skulen har eit todelt dokumentasjonskrav. Skulen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan når det er tatt ei avgjersle på å setje inn tiltak. I tillegg skal skulen dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Dokumentasjonskravet skal bidra til ein fagleg forsvarleg praksis ved den einskilde skule og sikre at skulen seinare kan syne til kva som har blitt gjort.

1.8 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein tilsett krenker elevar (Oppl. §9A-5)

Dersom ein som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen utsett ein elev for krenking, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar. Dersom det er nokon i skulen si leiing som står bak krenkinga, skal ein varsle skuleeigar direkte. Undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks.

1.9 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Om saka er tatt opp med rektor og eleven framleis ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan elev eller føresette melde saka til Fylkesmannen.

1.10 Elevdeltaking (Oppl. §9A-8)

Elevane skal ta del i planlegging og gjennomføring av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet kan oppnemne representantar til å ta vare på elevane sine interesser overfor skulen og kommune i skulemiljøsaker.

1.11 Involvering av brukarorgan (Oppl. §9A-9)

Samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal bli informert om alt som er viktig for skulemiljøet og så tidleg som råd bli tatt med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

1.12 Informasjonsplikt (Oppl. §9A-9)

Skulen skal informere elevar og føresette om retten som går fram av heile §9A. Dersom skulen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade elevane si helse, skal elevar og foreldre varslast snarast mogleg.

1.13 Forankring og oppfølging av planen

Handlingsplanen er forankra i Opplæringslova og Rundskriv frå U-dir-3-2017.

Handlingsplanen er behandla i rektormøte og elevråd, skulemiljøutval, samarbeidsutval og FAU ved alle skular.

KAPITTEL 2: MÅL OG KJENNETEIKN PÅ EIT GODT OG TRYGT SKULE- OG BARNEHAGEMILJØ

2.1 MÅL

Oppvekstsentera i Bygland kommune skal:

- Ha nulltoleranse for mobbing.
- Gje barna tryggleik og trivsel i eit godt læringsmiljø i barnehage- og skulekvardagen.
- Skape respekt og toleranse.
- Skape gode, trygge relasjonar mellom barn, mellom barn og tilsette og mellom heimen og oppvekstsentera.
- Arbeide saman for å førebyggje og avdekke mobbing og krenkingar.
- Ha innarbeidde rutinar slik at alle er trygge på korleis dei går fram når mobbing skjer, både foreldre, barn og tilsette.
- Oppvekstsentera skal i samarbeid med heimen gjere barna i stand til å meistre ulike utfordringar i livet.

2.2 KJENNETEIKN PÅ EIT GODT OG TRYGT SKULE – OG BARNEHAGEMILJØ

- Alle har nokon å vere med.
- Ein syner omsorg for kvarandre i alle ledd i organisasjonen
- Aktive og kreative barn som er nysgjerrige og motivert for læring og som tør å ta ordet.
- Barn som tør å skilje seg ut og vere seg sjølv, og godtar at andre er annleis enn ein sjølv.
- Barn og foreldre tar opp saker med oppvekstsentera når dei opplever at miljøet er utrygt.
- Lågt konfliktnivå – lite «brannsløkking».
- Resultat som syner god trivsel og lite mobbing på observasjonar, samtalar og undersøkingar.
- Aktive, tydelege og trygge vaksne som er samkøyrd på reglar og korleis ein behandlar borna.

KAPITTEL 3: FØREBYGGJANDE OG SYSTEMATISK ARBEID (Oppll. §9A-3)

I arbeidet med eit godt og trygt miljø har alle eit ansvar. Vi vil gjennom kontinuerleg og dagleg arbeid jobbe systematisk for å fremje desse haldningane. Vi har tru på felles opplevingar, jobbe aldersblanda og sikre trygge overgangar.

SYSTEMATISK FOREBYGGJANDE TILTAK MOT MOBBING

Tiltak	Når	Status	Ansvarleg
Orientering til alle tilsette om aktivitetsplikta.	Ved oppstart av barnehage- og skuleåret.		Tenesteleiar
Orienterer foreldre/føresette om oppvekstsentera si haldning til mobbing og framgangsmåte dersom dei opplever at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø.	Ved oppstart		Tenesteleiar/ ass. tenesteleiar
Ordensreglar for godt samspel tatt opp årleg i klassen med konsekvensar for brot.	Ved oppstart av skuleåret.		Kontaktlærar
Utarbeide klasse/avdelingsreglar og følgje opp desse.	Ved oppstart skule/barnehageåret.		Kontaktlærar/ pedagogisk leiar
Elevrådsaktivitetar, årshjul?	Gjennom året		Elevrådet
Fadderordning	Etter oppsett plan		Kontaktlærar
Fellesaktivitetar, samlingstundar, ulike temadagar/veker og felles lunsjar.	Jamleg		Alle
Elevsamtale, minst to gonger årleg, der trivsel og mobbing er del av tema.	Haust og vår		Kontaktlærar
Utviklingssamtalar, to gonger årleg, der trivsel og mobbing er ein del av tema.	Haust og vår		Kontaktlærar, pedagogisk leiar
Brukarundersøking i barnehagen	Haust		Assisterande tenesteleiar barnehage
Uteområdet og aktivitet - Aktiv 365, læringspartnar-friminutt og elevrådet med aktivitet dagleg.	Jamleg fokus		Tenesteleiar, ressursperson for aktiv 365, elevrådsleiar og teamleiarar
Aktiv observasjon av barna på avdeling, i klasse, friminutt, overgangar og matpausar.	Kontinuerleg		Alle
Jamlege samtalar mellom tilsette i kvar klasse/gruppe/avdeling om mobbing/tiltak	Jamleg		Kontaktlærar. Teamleiar, pedagogisk leiar, SFO-leiar
Elevundersøking - 1 gong pr. år for 5. -10. tr.	Haust		Tenesteleiar
Aktivt elevråd som tenker trivselstiltak.	Jamleg gjennom året		Elevrådsleiar

Gjennomføre årshjul for sosial kompetanse, eventuelt eit program.	Jamleg gjennom året		Kontaktlærer Sosiallærer Pedagogisk leiar
Opplæring i nettveit	Jamleg gjennom året		Alle
Kompetanseheving for tilsette i høve mobbing.	Ved behov		Tenesteleiar
Samarbeid mellom overgangar som barnehage- skule, barneskule – ungdomsskule.	Jamleg gjennom året, etter eigen plan		Pedagogisk leiar Kontaktlærer
Ulike samarbeidsinstansar som PPT, helsesjukepleiar, barnevern, politi, fysioterapeut.	Foreldremøte og ved behov		Alle

KAPITTEL 4: AKTIVITETSPLIKT OG DOKUMENTASJON (Oppl. § 9A - 4 og § 9A - 5)



4.1 Plikta til å følge med

- I samband med skule – og barnehagestart skal alle tilsette orienterast om plikta til å følgje med og kva dei skal sjå etter.
- Kvar skule og barnehage skal ha tilsynsordningar der dei aktivt observerer barna.
- Elevråd, skulemiljøutval og SU for barnehagane har som fast punkt på sine møter ein gjennomgang av kor det er viktig å følgje ekstra godt med.
- Det skal konkretiserast i oppvekstsentera sine rutinar korleis ein følgjer ekstra godt med på særskilt sårbare barn.

4.2 Plikta til å gripe inn

- I samband med skule – og barnehagestart skal alle tilsette orienterast om plikten til å gripe inn med ein gong det skjer ei hending som er utrygg eller krenkjande for eit eller fleire barn.
- Oppvekstsentera skal sørge for at dei tilsette kjenner til at plikten til å gripe inn ikkje går lenger enn det som er mogleg av omsyn til barnet og den tilsette.

4.3 Plikta til å varsle

- I samband med skule – og barnehagestart skal alle tilsette orienterast om plikten til å varsle.
- Kwart oppvekstsenter etablerer varslingslinjer og rutinar for arkivering. Tenesteleiar kan delegere ansvaret for å ta imot og følge opp varsel, men har framleis det overordna ansvaret. Tenesteleiar varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle.
- Dei tilsette skal varsle tenesteleiar straks ved mistanke om at eit barn ikkje har eit godt og trygt skule – eller barnehagemiljø.
- Ved mistanke om at tilsette krenkjer eit barn, skal ein varsle tenesteleiar omgåande. Tenesteleiar varslar skuleeigar.
- Ved mistanke om at tenesteleiar krenkjer ein elev, skal ein ikkje kontakte tenesteleiar. Skuleeigar skal varslast direkte.
- «4.1 Varslingsskjema (Oppl.§9A-4)» skal nyttast ved alle varslar.

4.4 Plikta til å undersøkje

- Ved mistanke om, eller kjennskap til, at eit barn ikkje har eit trygt og godt skule- eller barnehagemiljø, skal ein undersøkje saken snarast.
 - Undersøkingar som blir gjort skal dokumenterast ved bruk av skjema «4.2 Mal for dokumentasjon av plikta til å undersøke (Oppl. §9A-4)»
 - Tenesteleiar er ansvarleg, men kan delegere undersøkinga eller gjennomføre den i dialog med tilsette.
 - Skulen eller barnehagen skal *ikkje* skaffe og vurdere bevis for eller mot om eleven er blitt krenka eller mobba. Plikt til å undersøke inneber at ein undersøker barnet si *oppleving* av skule- eller barnehagemiljøet. Barnet si meining og oppleving skal vere sentral.
 - Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunn for barnet si oppleving og elles kva som kan ha innverknad på korleis dei opplever skule- eller barnehagemiljøet.
 - Ei undersøking kan også vere å avklare ting tilbake i tid, eller ting som har skjedd utanfor skule – eller barnehagetida om dette har innverknad på barnet sin kvardag på skulen eller i barnehagen.
 - Alle barn som er involvert skal bli høyrte. Det skal gjennomførast samtalar med alle involverte barn og føresette. Føremålet med desse samtalanene er tredelt:
 - 1: Undersøke saken og samle informasjon.
 - 2: Barnet skal bli høyrte og møtt med respekt og omsorg.
 - 3: Gje tydeleg beskjed om at mobbing ikkje er akseptert, og informere om at skulen eller barnehagen undersøker saken.
 - Eksempel på andre moglege informasjonskjelder: Tilsette, skulebussjåfør, helsesjukepleiar, systematisk observasjon, foreldremøte, brukarundersøkingar eller andre skriftlege undersøkingar.
-

4.5 Plikta til å setje inn tiltak

- Tenesteleiar er ansvarleg for nødvendig kompetanseheving slik at dei tilsette er i stand til å gjere faglege og konkrete vurderingar når det skal lagast aktivitetsplan.
- Tenesteleiar er ansvarleg for å setje inn tiltak når eit barn sjølv seier frå, eller når undersøkingar viser at eit barn ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen.
- Om undersøkinga ikkje avdekkjer krenkelsar, skal det likevel settast inn tiltak så lenge barnet sjølv ikkje opplever eit godt og trygt skule- eller barnehagemiljø.
- Dersom undersøkinga avdekkjer krenkelsar, skal det lagast aktivitetsplan både for den som blir krenka og for den som utsett andre for krenkelsar.
- Begge partar har rett til å bli høyrte, og begge partar skal følgjast opp.
- Oppvekstsentera vurderer kva tiltak som tek vare på barnet sine interesser best mogleg. Tiltaka må vere lovlege, gjennomtenkte, tilpassa og målretta.
- Det kan gjennomførast tiltak på individnivå, gruppenivå og systemnivå.
 1. Tiltak på individnivå er knytt til det enkelte barnet sitt behov i kvar enkelte situasjonen. Det kan vere jamlege samtalar, observasjon, ein vaksen som er i nærleiken eller auka kontakt med heimen.
 2. Tiltak på gruppenivå kan vere auka fokus på ei elevgruppe eller barnegruppe, omorganisering av klasserommet, etablering av leikegrupper eller andre trivselstiltak, trening av relasjonskompetanse eller auka mengd vaksne i ein periode.
 3. Tiltak på systemnivå kan være etablering av nye regler, omorganisering av dagen, auka vaksentettleik eller arbeid med haldningar i personalgruppa. Sanksjonar må vere i tråd med ordensreglementet. Kollektive sanksjonar er ikkje tillate.
- Det vert laga ein skriftleg aktivitetsplan ved bruk av skjema «4.3 Mal for aktivitetsplan».
- Ein skal følgje opp og ha dialog med alle partar.
- Aktivitetsplanen skal følgjast opp og ein skal evaluere i skjema «4.4 Mal for oppfølging og evaluering av aktivitetsplan»

4.6 Dokumentasjon

Oppvekstsentera skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd (Oppl. §9A-4 sjette og sjuande ledd). Dokumentasjonskravet gjeld også arbeidet oppvekstsentera gjer for å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og sette inn tiltak i den enkelte sak. Enkeltsaker skal ein dokumentere undervegs ved bruk av skjema i kapittel 4.

Vedlegg

4.1: Varslings skjema (Oppl. §9A-4)

4.2: Mal for dokumentasjon av plikta til å undersøkje (Oppl. §9A-4)

4.3: Mal for aktivitetsplan

4.4: Mal for oppfølging og evaluering av aktivitetsplan

4.1: Varslingskjema (Oppl.§9A-4)

Skjema for varsel om bekymring for barnet sitt psykososiale barnehage-/skulemiljø

Barnet sitt navn:	
Fødselsdato:	
Gruppe/klasse:	
Bekymring vert meldt til:	
Bekymring vert meldt av:	
Dato for motteke melding:	
Dato for når det er meldt til rektor:	
Kva dreier bekymringa seg om? (Mobbing, vald, utestenging, rassisme, diskriminering)	
Korleis vart bekymringa oppdaga?	
Anna fakta informasjon	

4.2: Mal for dokumentasjon av plikta til å undersøke (Oppll.§9A-4)

Tiltak	Kven	Tidspkt.	Vidare oppfølging?
Samtale med dei involverte			
Melde til teamleiar om observasjon i klassa, friminutt, overgangar, garderobe			
Observasjon med loggføring			
Ny samtale med dei involverte for å sjekke ut statusen.			

Tiltak kan vere:

- Samtale med kontaktlærer, spes.ped lærar, sosiallærer, helsesøster, PPT
- Observasjon frå ppt
- Leik og spel grupper
- Ekstra foreldremøte
- Støtteundervisning/ TPO
- Ekstra oppfølging i friminutt/ på uteområdet
- Rådføre seg med mobbeombud/ PPT
- Abup
- Helsestasjon for ungdom
- Barnevern
- Politiet
- Mobbeombud <https://www.austagderfk.no/elev-og-larlingombudet/mobbeombud/>

4.3: Mal for aktivitetsplan

4.4: Mal for oppfølging og evaluering av aktivitetsplan

Skriftleg plan for tiltak

§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. § 9 A-4 Skulens aktivitetsplikt, fjerde ledd. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Elevens namn:		Fødd:	Dato:
Klasse:		Plan nummer:	
Kva for eit problem skal tiltaka løyse?	(Kva meiner eleven? Hugs at elevens subjektive oppleving skal leggast til grunn. Skulen skal sørge for at eleven blir høyrst.)		
Hovedmål:	(Elevens navn) skal oppleve å ha eit trygt og godt skulemiljø. Huga at elevens beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulens vurdering av tiltak.		

Tiltak	Ansvarleg	Tidsperspektiv	Evaluering

Sted:

Dato:

Dersom du ikkje er nøgd med kva skulen gjer for at (du/barnet ditt) skal få det trygt og godt på skulen, kan du melde saka til fylkesmannen.